

## Innspel til skulestrukturen frå Fau ved Åmdalsverk skule

Fau kalla inn foreldra ved Åmdalsverk oppvekstsenter til møte om skulestrukturen Onsdag 18.08.10.

Me kom fram til at me ynskjer å behalde skulen frå 1-7 klasse på Åmdalsverk. Me føler at det er trygt og godt for borna våre å gå på ein liten grendeskule der lærarane har god tid til å sjå kvar einskilt elev.

Det har vore stabile og gode lærarar på Åmdalsverk i mange år, for det er sjølvsagt viktig med eit godt fagleg miljø og god kvalitet på skulen til ungane.

Me er bekymra for den lange bussturen til Dalen for dei små dersom skulen skulle verta nedlagt. Me trur også at foreldre vil begynne å søkje skuleplass i andre kommunar pga kortare skuleveg.

Me er overbeviste om at det og vil bli mindre attraktivt å flytte til bygdene visst skulen blir nedlagt og at Tokke kommune kan miste innbyggjarar på dette. Me trur at det er større moglegheit for at fleire flyttar til Åmdalsverk og Austheia dersom det er skule og barnehage i nærleiken.

Åmdalsverk oppvekstsenter har eit fantastisk skuleområde rett utanfor skuledøra med lysløype, løype over Åmlivatn og hoppbakken. Fotballbanen ligg også ved sida av skulen og det er mange flotte turområder på Åmdalsverk. Dette er dei veldige flinke til å bruke, og me synes det er viktig at elevane blir godt kjende med og brukar nærområdet sitt.

ÅVOS er også svært dyktige på entrepenørskap, Og har fått til ei flott elevbedrift (Steintøff) der dei driver Åmdalsverk gruver og produserar mange flotte ting som dei seljer i gruva og på julemessa kvart år. Dei er eit forbilde for mange andre skular på dette området.

Til slutt vil me få sei at foreldra til borna på ÅVOS er aktive og flinke til å stille opp for skulen sin og me håpar at me får behalde oppvekstsenteret på Åmdalsverk. Dette er svært viktig for oss.

Med venleg helsing Fau ved Åmdalsverk Oppvekstsenter

Magni Sæter, Mari Anette Solvang, Anne Midtbø, Kristin Fles og  
Laila Taraldlien.

FAU v/ Byrte oppvekstsenter  
Byrte  
3880 DALEN

Byrte, 23. august 2010

Tokke kommune  
v/Ole Bjørn Bakken  
3880 DALEN

## **VEDRØRANDE BORNEHAGE- OG SKULESTRUKTURA**

Vi viser til oppfordringa frå kommunen om innspel vedrørande bornehage- og skulestruktursaka.

Foreldreutvalet ved Byrte oppvekstsenter hadde møte om saka måndag 23. august. Vi meiner kommunen må oppretthalde drifta ved Byrte oppvekstsenter, med bakgrunn i:

- Bornehagen og skulen bør liggje nokonlunde i barnas nærmiljø. Det gjer Byrte oppvekstsenter. Andre bornehage- og skulealternativ i kommunen ligg for langt unna til å vera velfungerande. Det er vanskeleg og utrygt å sende mindre born åleine langt av stad. Dei større elevane har lange og krevjande nok dagar frå før. For utkanten av bygda er det 3 mil til Tokke skule. Dagleg vil skuleskyss fram og tilbake dit forbruke minst 1time av elevanes tid. Ved arrangement på kveldstid aukar det til det dobbelte. Det forbrukar for mykje av bornas krefter, og låser familie- og oppvekstsituasjonen i altfor stor grad. Det bør tilretteleggjast for fortsatt liv i bygda ved størst mogleg fleksibilitet slik at foreldre kan ta seg arbeid, utan at det blir for store vanskar med henting og bringing. Ligg skulen på Dalen så kan det for nokon bli mykje køyring og vanskeleg Barnehage- og skuletilbod på Byrte er ei løysing som høver best.
- Oppvekstsenteret på Byrte er både moderne og praktisk, og er derfor ein godt tilrettelagt bornehage og skule for elevane. Den ligg velplassert til for å leike og utfalde seg i naturen og nær gardane i bygda. Det medverkar til auka tilknytning til bygda. Dette er viktig med tanke på at ungane sidan kan ynskje å busetje seg der.
- Borna våre trivst på bornehagen og skulen sin. Dei får anledning til å bli kjent seg i mellom. Oppvekstsenteret står òg for ein del oppgåver som medverkar til auka trivsel og integrasjon for bygdefolket elles. Dette er viktig i tider der ein kjempar for å halde oppe folketalet i kommunen. Skal ein få nye til å busetje seg her, kan ein ikkje dra inn årene for at livet på bygda skal fungere. Folketalet generelt i kommunen kan lettare oppretthaldast om bornehage- og skuletilbodet vert oppretthaldt i bygdane.
- Det er viktig at kommunen tilrettelegger for god skule på Byrte ved å syte for gode og stabile lærarkrefter. Me er takksame for engasjementet og innsatsen til ny rektorvikar Dag Rune Sandvik, og har tillit og ynskje om godt samarbeid til det beste for borna våre!

Vennleg helsing FAU, Byrte oppvekstsenter  
V/Stina Helgestad, Anita Aasen, Leila Heimdal, Torbjørn Vinjerui, Jarle Eriksen, Tone Bjørg Noraberg

## Skulestruktursaka - Innspel frå FAU v/Høydalsmo skule

FAU ved Høydalsmo skule ynskjer å kome med nokre innspel til skulestruktursaka som er i gong i Tokke kommune, og me stiller oss positive til at elevane sitt læringsmiljø og sosiale miljø vert vurdert. Me håpar på ei framtidretta løysing som gjev alle borna i Tokke kommune eit best mogleg tilbod.

Det er sjølvstykke punkt 3a i vedtaket som opptek oss mest, då me meiner det er rett å framleis ha eit ungdomsskuletilbod i Høydalsmo.

Me håpar at fleir med oss har tru på at både Høydalsmo og Lårdal er bygder i utvikling, og at mange ynskjer å flytte hit for å jobbe og bu. Dersom dette skal vere aktuelt så trur me at tilbod om ungdomsskule vil vere ein av dei avgjerande kriteria for at dei vel å busette seg her. Ein ungdomsskule er med på å skape sosiale møteplassar også på fritida, og dette trur me er av større betydning i ungdomsskulen en det er i barneskulen.

Fotball, korps, ski osv. er møteplassar utanfor skuletida, og dersom det skal vere liv laga for desse aktivitetane i framtida så bør det vere lik møteplass for dei som også soknar til same ungdomsskule. Sosial aktivitet og møteplassar på fritida er av stor betydning for miljøet på skulen. Det fell seg då ikkje naturleg for ein elev i Høydalsmo, kanskje på grensa til Vinje eller Kviteseid å reise til Dalen. Då vel dei heller å delta på aktivitetane i Åmot eller Kviteseid som ligg nærare i reisetid.

I dag er trivselen ved Høydalsmo skule høg blant elevane, og dette trur me foreldre er med på å skape gode resultat. Det at du allereie som 1. klassing kan vere med "dei store" i ungdomsskulen å spele fotball i friminutta skaper ein tryggleik som gjer overgangen til ungdomsskulen umerkbar. Høydalsmo skule er ein liten skule og det er med på å gjere det enkelt å samle heile skulen til aktivitetsdag ved skulestart om hausten, felles skidag og songsamlingar. Dette er aktivitetar som er med på å skape tryggleik mellom alle elevane, og FAU jobbar nå med å få til felles avslutning om våren også.

Me opplever at skulane i Lårdal og Høydalsmo har eit bra samarbeid i forhold til overgangen til ungdomsskulen. At aktiviteten på kveldstid er med å skapar gode relasjonar fleire år i førevegen er nok også er ein viktig faktor for suksess trur me.

Foreldra ved Høydalsmo skule meiner også at det bør vektleggast at det rett utanfor klasserommet er eit Eldorado for fysisk aktivitet. Dette er ein viktig del av elevane sin kvardag, og her har dei fotballbane, skiløyper som startar på skuleområdet, sandvolleyballbane, osv. I tillegg har skulen i fleire år hatt Oftevatn-prosjekt kor dei fylgjer med på vatn- og fiskekvaliteten, noko som også alle alderstrinn deltek i.

Me avsluttar med skulen sin visjon ***Dine draumar, di framtid – vår felles utfordring*** og håpar at ungdomsskulen vår får livets rett også etter at skulestruktursaka er avslutta.

Høydalsmo, 5.juli 2010

FAU v/Høydalsmo skule

Mette Lillegård, Laila Veslestaul, Mona Kaldråstøyl, Jens Jacob Bleikelia og Wenche T. Trovatn

TOKKE KOMMUNE  
30 AUG 2010

10/334  
TOKKE KOMMUNE  
30 AUG. 2010

Foreldreutvalget ved Lårdal oppvekstsenter  
v/Heidi Bleikelia  
3891 Høydalsmo

Tokke kommune  
v/ rådmann  
3880 Dalen

*Uttale til arbeidet med ny skolestruktur i Tokke kommune.*

FAU ved Lårdal skule ser positivt på en vurdering av skolestrukturen i kommunen. Tokke kommune har nå en unik mulighet til å se hva som fungerer godt i kommunen og til å sette seg inn i alle forhold som påvirker skolehverdagen til barna våre.

Vi vil videre belyse noen punkter vi mener er viktige å vurdere nøye i denne vanskelige prosessen kommunen nå er inne i.

Foreldreutvalget ved Lårdal oppvekstsenter mener at en flytting av mellomtrinnet ikke har noen positive sider, og vi ber om at det i den videre prosessen for Lårdal sin del bare vurderes å opprettholde skoletilbudet som nå.

En nedleggelse av mellomtrinnet vil føre til et alt for lite sosialt miljø og vil også redusere muligheten for å opprettholde den høye faglige standarden på lærerkreftene som vi er blitt vant til.

En skal ikke undervurdere effekten av den sosiale læringsarena som en fådelt skole er, og de ferdighetene elevene der tilegner seg vil etter vår mening være meget nyttige i den videre sosiale utviklingen til elevene.

Seigpiningen ved å legge ned bare mellomtrinnet synes vi vil være en dårlig og midlertidig løsning, og er ikke en vei vi ønsker å gå.

Foreldreutvalget ved Lårdal oppvekstsenter ser at det i mandatet fra kommunestyret skal legges særlig vekt på potensialet for økonomiske innsparinger.

Vi har her noen betraktninger rundt potensialet for økonomiske innsparinger ved eventuelle forandringer i Lårdal.

Transportkostnadene vil bli betydelig høyere enn i dag og vil dermed slå i hjel en del av innsparingene kommunen trenger. Vi må også få lov til å påpeke den kritikkverdige dårlige veistandarden mellom både Lårdal og Høydalsmo og Lårdal og Dalen, som verken fylke eller kommune til nå har vist vilje til å gjøre noe med. Det er rett og slett ikke forsvarlig å la små barn kjøre disse strekningene to ganger daglig.

Det er mange momenter ved transport av så små barn som vi stiller spørsmålsteget ved, og vi vil varsle at vi ved en eventuell nedleggelse vil bruke barnas rett som er nedfelt i paragraf 7-4 i opplæringsloven og kreve eget reisefølge for elevene på bussen. Samme hvor fornøyde vi er med buss-sjåføren vil det være helt urimelig å kreve at de skal klare å håndtere alle elevenes behov under såpass lang og hyppig transport.

**§ 7-4. Reisefølge og tilsyn**

Elevane har rett til nødvendig reisefølge. Elevane har rett til nødvendig tilsyn når det vert ventetid før undervisningstida tek til og etter at undervisningstida er slutt.

Vestviken Kollektivtransport opplyser at 5. – 10. trinn ikke bør ha lenger reiselengde enn 60 min. en vei, men at det er forskjellige hensyn å ta. Vi tenker at skoledagen i verste

fall blir ekstra lang for ungene våre når de må starte dagen kl. 07.05 fra Lårdal brygge. Høydalsmo skule starter kl. 08.15. Reisetida starter i det elevene går ut døra hjemme!

Når det gjelder kostnader knyttet opp mot det fysiske skolebygget vil kommunen som eier av skolebygget også etter en eventuell nedleggelse hefte ved dette ansvaret. Er vel ikke noen tvil om at det er få alternative anvendelses muligheter for dette bygget. Så skole eller ikke skole vil det i åra som kommer påbeløpe seg betydelig kostnader for kommunen ved skolebygget i Lårdal.

Vi er overbevist om at den mest økonomiske måten for kommunen å bruke skolebygget på vil være å fortsette skoledriften.

Sett i lys av samfunnsøkonomiske vurderinger er en oppadgående og faglig sterk lokal skole et av de beste trekkplaster et bygdesamfunn kan ha.

Det er overhodet ikke tvil om at Tokke kommune trenger alle de innbyggerne de kan få, og det er også nedfelt i kommuneplanen at befolkningsøkning er et viktig mål for kommunen. Dette er også bekreftet av sentrale kommunepolitikere ved flere anledninger.

Hvis vi ser på Lårdal som en vare som skal selges til eventuelle nye innbyggere kan man ikke undervurdere betydningen som skolen har og vil ha i fremtiden.

Alle ønsker vi det beste for barna våre og vi kan jo selv tenke oss hvor fristende det vil være å flytte til et sted der en faglig sterk skole ligger sentralt i bygda og sørger for at de håpefulle får den beste mulige starten på både den faglige og sosiale utviklinga i livet.

I forbindelse med nedleggingsdebatter viser ofte kommuneadministrasjonen og andre tilhengere av nedlegging en utrolig kreativitet når det gjelder å påpeke eller presentere såkalte bevis for at en liten skole ikke er en bedre skole enn en stor skole.

Vi skal ikke påberope oss å besitte den fulle og hele sannheten i så måte, men vi mener det sier seg selv at i en klasse med få elever har læreren mye større mulighet for å gi tilpasset opplæring i tråd med kravene i Kunnskapsløftet.

Skolen i Lårdal viser ved nasjonale prøver at den ligger meget godt an faglig.

Det psykososiale miljøet er veldig bra og eventuelle utfordringer ved skolen blir fortløpende tatt hånd om på en meget god måte av personalet.

Når det kommer til faglige vurderinger ser vi ikke at de på noen måte vil bli bedre ved en eventuell endring av skolestrukturen.

### **Liv laga i Lårdal !**

Oppvekstsenteret skaper et positivt miljø og øker elevenes tilhørighet til bygda/kommunen. Elevene er blant annet med å underholde på 17. mai og de arrangerer også kafé. Elevene deltar da aktivt i både planlegging, gjennomføring og etterarbeid.

Alle disse arrangementene skaper et positivt miljø som selvfølgelig gir tilhørighet til bygda/kommunen.

Vi ser viktigheten av å opprettholde oppvekstsenteret for å fortsette denne positive trenden. Skolens primærmål er å være en god læringsarena både faglig og sosialt men det må unektelig være en fordel at den også fungerer som et lim i bygda, og er en naturlig møteplass mellom generasjoner.

En lokal skole vil i større grad ha muligheter for å lære elevene om den lokale kulturen og kulturminnene. Elevene vil også i mye større grad kunne bidra med praktisk arbeid i forhold til lokale kulturminner når skolen ligger lokalt.

Vi er stolte over at Lårdal nå har den nest største barnehagen i kommunen, og elevprognosene er veldig gode framover. Med prosjektet Lårdal Liv Laga ser vi at innbyggertallet i Lårdal har

økt og at det nytter å mobilisere seg.


En eventuell endring i skoletilbudet i Lårdal er slik vi ser det ikke pedagogisk begrunnet, men rent økonomisk. Det er ikke vanskelig å forstå at også Tokke kommune i disse tider har behov for innsparinger, men det er en politisk beslutning i hvilken sektor disse innsparingene skal skje. Vi kan ikke akseptere at det er barn bosatt utenfor kommunesenteret som skal bære denne byrden. Kommunens politikere har funnet penger til kulturhus på Dalen og vurderer både heltidsansatt kulturhusvert og daglig leder. Det er også kommet forslag om opprustning av Tangane. Vi finner det svært vanskelig å se moralen i slike prioriteringer. La oss beholde skolen vår!

MVH

FAU v/ Lårdal skule

Heidi S. Blubekken

Tokke kommune  
3880 DALEN



Høydalomo 5. aug - 2010

## SKULE OG BARNEHAGESTRUKTUREN I TOKKE

Me synest tida er mogen for denne vurderinga av skule og barnehagestrukturen i kommunen. Antalet skular og barnehagar er alt for mange i ein så liten kommune.

Når ein ser på elevtala i dei enkelte klassene, seier det seg sjølv at dette ikkje er forsvarleg i forhold til sosialkompetanse, læringsnivå, arbeidsmiljø for dei tilsette og trivsel blant elevar og tilsette.

Mitt alternativ er to barnehagekrinsar og to skular som skal ligge på Dalen og i Høydalomo. Det vil då seie at skular og barnehagane i Lårdal, Åmdals Verk og Byrke bør leggjast ned.

Ein må tenke framover, og gamle grenser må flyttast.

Med venleg helsing

Ingunn Mygland og Liv Mygland

**Fra:** Anne Marit Roholdt  
**Sendt:** 18. august 2010 11:31  
**Til:** Olav Bjørn Bakken  
**Emne:** Skulestruktur i Tokke kommune.

Hei!

Som foreldre har me eit kjempe stort ynskje om å få behalde Byrte oppvekstsenter tom 4 klasse.

Me er redde for at det blir ein lang skuleveg og skuledag for dei minste elevane om dei skal gå på Tokke skule fom 1 klasse.

Ein må også tenke på at borna reiser ned til Dalen på fritidsaktivitetar som f.eks fotball, opplegg i skolens regi hender også, og det vil sei at ongene må kjøre opp og ned til Dalen to gongar til dagen. Dvs 10 mil på ein dag.

Har nå kjørt borna våre på aktivitetar i fleire år, har også erfaring med born som tek skulebuss Byrte – Tokke skule.

Og utan tvil, me ser at dei blir slitne av mykje kjøring og brukar tid i bil/buss som dei heller ville ha bruka til andre ting.

Våre born har begynna på Tokke skule i 6 og 8 klasse, og har da vore så store at dei kan gjennomføre det. Men me ser at det kan bli eit kjempe problem om me skal gjere det same med minstemann i 1 klasse.

Men:

Fokuset her må vera **kvaliteten** på skulen.

Får me ein **god skule med kvalifisera og stabile lærerar** og som **gjer jobben sin på ein god måte**, er det ingen ting som er betre enn å gå på ein liten grendeskule i barneskulen.

Når dei går på mellomtrinnet trenger dei ein større arena enn det Byrte ser ut til at kan gje i dag.

Får me ikkje ein god skule, kan me ikkje ta hensyn til at me vil ha eit skulebygg med "lys og lyd" i, eller skule i nærmiljøet.

Det er framtida til borna det er snakk om, og det kan ikkje vera slik at viss du går på ein liten grendeskule må du godtaka eit dårlegare undervisningstilbod.

Me ynskjer derfor ein **GOD** skule på Byrte tom 4 klasse.

Mvh

Torbjørn Vinjerui og Anne Marit Roholdt.

## JA TIL BYRTE OPPVEKSTSENTER!

Skulen i Byrte har svært mange gode sider:

Eit flott natur- og kulturlandskap i omgjevnadene  
Eit godt og trivleg skulehus  
Eit passe stort bibliotek vegg i vegg med klasserommet  
Gode lærekrefter!  
Oversiktleg læringsmiljø

Underteikna flytta til Mo for vel to år sidan, og eldstemann av fire born skal på skulen neste år. Me ynskjer at han skal byrje på Byrte oppvekssenter! Me visste at Tokke har ein politisk profil som satsar på grendeskulene, og dette var med i vurderinga da me flytta frå Oslo. Born er på skulen svært mange timar kvar dag. Lat dei vere i eit trygt nærmiljø, der dei vert sett, og der vanskelege situasjonar, slik som mobbing etc, er lett å oppdage, og og gjere noko med! Lat dei få lære sin ABC og multiplikasjonstabell under tett oppfølging, slik det er mogleg å gjere på ein liten skule. Det finst lærarar som ynskjer å arbeide på små skular, og som klarer å utnytte det gode læringsmiljøet desse skulane byr på.

Små einingar, det vere seg skular eller andre samfunnsinstitusjonar, får lett negativt fokus om noko ikkje er heilt som det skal. Da raslar sablane om stenging og nedlegging. På store stader er nedlegging heilt uaktuelt! Det ville vel aldri bli snakk om å stengje Tokke skule sjølv om mobbing, eller stort gjennomtrekk i lærarstaben var eit problem?

Bruk ressursar på borna, hald fast på desentralisert skulestruktur! Dette er med på å gjere Tokke kommune meir mangfoldig og spennande. Slik er Vest-Telemark på sitt beste, med levande grender og godt oppvekstmiljø.

Med helsing

Ingrid Grøstad Johnson  
Mor til fire born i Mo

1.september 2010

Til

Tokke kommune

v/ Ole Bjørn Bakken

Fra

Marte Heggveit,

representant for Utdanningsforbundet ved Byrte Oppvekstsenter

Vedr. den pågående debatten om skulestruktur, vil eg gjerne få uttale meg om korleis eg ser oppvekstsenteret si rolle.


Vi som arbeider i Byrte er glade i arbeidsplassen vår, det er ein god arbeidsplass. Me gjev eit heilskapleg tilbod til elevane på tvers av fag og aldrar, der elevane får individuell oppfølging. Personalet blir bruka ut i frå dei ressursane og styrkane dei har og bruker kvarandre som støtte på tvers av barnehage, SFO og skule. Dette gjer at vi har ein nært samarbeid som det følast meningsfullt å gjere.

For bygda Byrte ser eg at oppvekstsenteret har ei samlande rolle. Våre prosjekt tek ofte utgangspunkt i den lokale identiteten, og ber med seg naboar, familie, lokalt næringsliv og ikkje minst lokalhistorie. Byrte har mange kvalitetar me nyttar i undervisninga. Slik som me ser det, ligg skulen perfekt plassert mellom natur og næringsliv. Den naturlege nysgjerrigheita dette gjev, er eit ypparleg utgangspunkt for læring. Mykje av det som skjer i bygda skjer på skulens område, skulen er ein levande del av kvardagen til mange menneske. Vi har flotte lokalar vi nyttar til sitt fulle, som det er investert store verdiar i. Langsiktige investeringar gjev god avkastning ved langsiktig bruk.

Når det gjelder prosessen denne debatten om skulestruktur har hatt, er eg takknemlig for at fristen for å uttale seg blei flytta. Det opplevast som ein lite gjennomtenkt og planlagt prosess når det like før skuleslutt blir sendt ut brev med frist til å uttale seg like etter skulestart, når ingen er på jobb om sommaren. Eg vert og litt bekymra når eg ikkje kan sjå at det er satt ned nokon arbeidsgruppe som arbeider med dette, men eg vel å tru at det er prosesser i kommunen eg ikkje har fått med meg. Eg håper uansett resultatet av prosessen gjev ei løysing som reflekterer det rike mangfaldet kommunen har å by på, og har tillitt til at dei folkevalde er med i prosessen.

Med ynskje om ei felles framtid,

Marte Heggveit.



## Oppvekststruktursaka

Eit hjartesukk frå ein av provinsane.

### **Ein litt subjektiv intro til debatten, sidan eg føler at denne prosessen er svært tøff for Byrte oppvekstsenter.**

Min bakgrunn frå lærarbransjen er ca.10 år som lærar ved Tokke Skule, der eg har arbeida i ungdomsskulen.

Starta som vikarrekter på Byrte oppvekstsenter juni 2010, med lyst til å prøve ein annan del av læraryrket (meir administrativt). Byrte oppvekstsenter virka som ein grei storleik å starte med.

Blei overraska då eg kom hit å såg den flott bygningsmassa, renovera rundt år 2000 for mange millionar kroner (7-8 mill). Ein får håpe skattepengane blei putta inn her, med eit lengre tidsperspektiv enn 10 år. Ingen av dei andre skulebygga i kommunen er vel så heilrenovera som Byrte skule. Den er praktisk oppbygd med barnehage i kjellaren, og skule i fyrste og andre etasje. Det er flotte uteområdet for både skule og barnehage i trygge miljø.

Det eg ikkje kjente til var at skulestrukturdebatten låg som ei svart sky over skule og barnehage. Betre vart det nok ikkje etter at skulens mellomtrinn "midlertidig" blei flytta ned til Tokke skule. Dette vart ikkje til fordel for skulen i denne debatten. Det seier seg sjølv at elevtalet blir endå mindre når mellomtrinnet har reist ned.

Eg har mange gonger gjennom åra som lærar på Tokke skule høyr diskusjonar rundt kor tungvint det er med desse små skulane og kor dyre dei er. Dette er nok eit vanleg synspunkt når du jobbar ved skulen og bor nær sentrum på Dalen. Mange har nok ein trist filosofi om at små skulemiljø skapar taparar. Tidvis kan ein lure på om mykje jamt skal ha meir. Ein liten skule er nok meir sårbar, men med det rette samarbeidet mot storskulen trur eg dei er ein viktig ressurs, ikkje ein bremsekloss for kommunane. Ja, me har færre elevar, men betre tid til oppfølging, noko eg merkar som har opplevd aleinetimar med meir enn 25 elevar. Sonen min Øystein, (6. klasse) skal gå her dette skuleåret, han var imponert over kva moglegheiter me har her, ikkje minst i forhold til den flotte skulen (byggningsmassa). Klassene er svært rolege, me kjem raskt i gang med timane. Ein **har** ein unik sjanse for god læring på små skular (mitt syn).

### **Kva sitt bygdene at med når alt hamnar til sentrum?**

Her oppe er det nok ein del pendlande skattebetalarar som er kjekke å ha, men kva skjer dersom skulen/ barnehagen blir lagt ned. Kva er igjen i Byrte då ?

Denne skulestruktursaka er ikkje bare ei sak om pengesparing i fyrste sving, men ei sak om liv i bygdene.

Kor stor er sjansen for at nyetableringar skjer på dei mange fine gardane her oppe når der ikkje fins noko tilbod på fleire mils avstand? Gradvis vil nok det flotte kulturlandskapet her oppe også forsvinne, desse vegvalga har mykje å seia for korleis framtida til småbygdene blir.

### **Burde ein ikkje heller arbeide hardt for å få til meir liv i bygdene?**

Me har fleire døme på småplassar som har klart ein fantastisk snuoperasjon. Ynskjer her å trekke fram Øyffjell som for få år sidan hadde eit barn i barnehagen å stor sjans for nedlegging av skulen. Dei bestemte seg for å prøve, på få år auka barnehagen til over 20 ungar (bygger nybarnehage). Bør ein ikkje prøve noko liknande for Byrte, som er ein utkant i Tokke kommune?

**Fakta om Byrte:**

Byrte ligg som ein utkant i kommunen, det er 2,5 mil ned til Dalen etter heller dårleg vegstandard. Det skal neppe mykje fantasi til å forstå skulen/ SFO / barnehagen sin rolle i ei slik bygd.

Ein kan ikkje bare tenkje kortsiktig pengesparing i denne saka, ein må tenkje samfunnsøkonomi over eit tidsrom på fleire tiår. Det er etter kvart mange godt skulerte ungdommar som kjem frå desse fjellbygdene. Gode skattebetalarar med moglegheit for arbeid gjennom bruk av internett eller som pendlarar.

Bygdekommunane bør vera bevisste på moglegheitane som ligg hjå denne gruppa, ein kan tenkje seg verdien av undersøkingar som fokuserar på kva som skal til for at dei flytter heim igjen. Kanskje finns det ein del potensielle tilflyttarar i åra framover, men då må me ha tilbod her oppe, ikkje bare nede på Dalen. Det kan vera dei som vil overta gardar eller dei som vil bo i rolege område med ein fantastisk natur. Kanskje akkurat fordi dei ynskjer seg tilbake til flott natur, med trygge oppvekstmoglegheiter for borna sine. Det må vera ein del grunnleggande tilbod til stede. Ein av dei er skule/barnehage innanfor rimeleg avstand. Ein kan vel ikkje forvente at dei flytter langt til skogs for å betale dyrt for godar dei ikkje kan bruke utan å kjøre lange strekningar.

Når ein diskutert dette med dei som bur meir sentralt, så er ofte svaret at dei får vel flytte til sentrum då, dersom det er så vanskeleg med denne pendlinga.

Personleg trur eg kommunen er mykje fattigare når den tek vekk tilboda som er i utkantane. Dette ser ein kanskje ikkje i den fyrste svingen, men overtid vil det merkast. Har ein fyrst lagt ned ein skule/barnehage blir den nok sjeldan eller aldri starta at, til det er apparatet bak for stort.

**Eg trur:**

Det er viktig at skattebetalarane i utkantane protesterar mot den evige sentraliseringa av goder, som nokre parti ser ut til å arbeider hardt for. Dei som leiar kommunen bør kanskje stoppe opp, og stille seg spørsmålet ”korleis skal me oppretthalde eit positivt utkantmiljø som er attraktivt for nyetablering”. Det kan virke som om Vinje er lengre i prosessen med fokus på liv i bygdene.

Byrte treng fokus på utvikling ikkje vingeklipping. Kanskje ser me her ordtaket ”spare seg til fant” i praksis.

**Positive sider framover:**

Byrte er nede i ei bølgedal, slik mange andre småplassar har vore tidlegare. Tala på elevar og born i barnehagen vil stige i 2011. Fleire foreldre har gjeve utrykk for at dei ynskjer borna inn i barnehagen. Dersom me får behalde barnetrinn og mellomtrinn, er der nok elevar til å drive ein svært bra skule.

Fint dersom ein kunne få tilbake den stabiliserande ordninga med at alle elevar som soknar til skulen skal gå her.

Eg opplever elevane her som positive og svært glade i skulen sin.

**Til alle politikarar: tenk framtid og utvikling, ikkje nåtid og nedlegging.**

**Me vil ha ungar her i oppvekstsentera, ikkje låste dørar.**

Mvh

Dag Rune Sandvik (vikarrektor)